

Vedlegg

UTTALE FRÅ LEIINGA OM KOMMUNEN SIN REKNESKAP FOR 2018

Dette brevet gjeld revisjon av rekneskapen for kommunen for året som vart avslutta den 31. desember 2018 og blir sendt med det formål å kunne konkludere på om rekneskapen i det alt vesentlege gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overttyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørgje for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for tilfredstillande kontroll, her under slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar for å utarbeide rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner), og meiner at rekneskapen gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss til utarbeiding av rekneskapsestimat, er rimelige.
- Vi har tatt tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse.
- Alle hendingar etter datoen for rekneskapen og som ifølgje god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Vi meiner at verknad av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samla for rekneskapen totalt sett. Ei liste over ikkje-korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligger til grunn for årsrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Bokføring

- Vi har oppfylt vår plikt til å sørgje for tilfredstillande og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker,
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
 - Uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisors vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultatane av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentlig feilinformasjon som følgje av mislege handlingar.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelt misleghald eller mistanke om dette som vi er kjent med og som involverer:
 - leiinga,
 - tilsette som har ein viktig rolle i intern kontroll, eller
 - andre
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleghald eller mistanke om dette som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, folkevalde, tilsynsmynde eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av brot på lov eller forskrift eller mistanke om dette som kan ha innverknad på rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til kommunens nærstående parter og alle forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse som vi er kjent med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle skyldnader, både aktuelle og latente, og har i note til rekneskapen gitt opplysningar om kommunens garantiansvar.

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over er kommentert i særskilt vedlegg:

Kommune: Meland

Stad: Frekhaug 4/4 - 2019

Dato: _____


Rådmann
(sign)


Økonomisjef/Rekneskapssjef
(sign)